

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag.

Stad/tidspunkt: Herand Kulturhus, 25.08.2015, kl 19.00 – 21.30.

Til stades: Sigmund Eiken, Gunnar Dalseth, Ria Haase, Kenneth Vikane, Marit Huus, Sonja Irene Skarde og Kaia Gulbrandsen.

Meldt fråfall: Marta Bergstø

Sak 1, Godkjenning av sakliste og referat frå møte 16.06.15, ingen merknader.

Sak 2, Ny finansieringsplan for taket på Båtbyggjarmuseet.

Etter avslag om støtte frå Norsk Kulturminnefond, har Herand Bygdelag søkt Jondal Kommune om kr 75.000,- til reoperasjon av taket. Kasserer søker Sparebankstiftinga om utsetjing på gåve tildelt haust 2014 og sjekkar om andre tildelingar står ved lag tross noko utsetjing av tiltaket. Byggmeister har ikkje høve til å gjera jobben før våren 2016. Herand Bygdelag vil betale restbeløpet, og søke dette dekket av Hordaland Fylkeskommune i etterkant. Sigrid Brattabø Handegard vil hjelpe til i denne søknadsprosessen.

Sak 3, Oppsummeringsmøte av sommarsesongen.

Herand Bygdelag og Herand Landskapspark inviterer til eit møte der ein vil oppsummere sommarsesongen i Herand tysdag 8. september kl. 19.00 på Herand Kulturhus. Aktørar innan reiseliv og anna lokal næring, Landsbylos, Juklafjord og andre interesserte inviterast.

Sak 4, Dugnadstimar i høve nytt kjøkken på Herand Kulturhus.

Det er nokon som gjer ein stor dugnadsinnsats i bygging av nytt kjøkken. Styret har vedteke at ein gjev tilbod om betaling av dugnadstimar etter utført 25 timar. Takst vert kr 150,- pr time. Maksgrønse på utbetaling blir kr 8000,- pr pers. (grunna skattereglar). Me vonar mange har høve til å delta på dugnad i haust, oppslag kjem på Joker.

Sak 5, Avløpskostnader Meieriet

Herand Bygdelag har kjøpt og fått satt ned ny septiktank til Meieriet i sommar.

Sak 6, Haustmarknad

Styret i Herand Bygdelag har vedteke å *ikkje* lage til Haustmarknad 10. oktober. Dette er eit svært arbeidskrevjande tiltak, og dette er det ikkje kapasitet til på noverande tidspunkt grunna bygging av kjøkken/andre tiltak. Forslaget til styret er å skipe til Herandshelg og Haustmarknad anna kvart år for å fordele arbeidet. Me vil skipe til ein fest i løpet av vinteren i høve opning av nytt kjøkken.

Sak 7, Eventuelt

- Kasserar Gunnar Dalseth søker om kompensasjon av MVA innan 1. september.
- Det er nytt bygdeblad på gang. Styret tok ein runde på saker/smånytt.
- Ria Haase med familie flyttar til Kinsarvik grunna jobbsituasjon. Ho trer ut av styret i Herand Bygdelag frå oktober. Me takkar for innsatsen og ynskjer lukke til i Ullensvang. Vara Marit Huus trer inn som styremedlem fram til årsmøtet.

Neste styremøte i Herand Bygdelag er tysdag 22.09.15

Referent: Kaia Gulbrandsen